

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkestinget</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - fylkeshuset</b>
<b>Møtedato</b>	<b>19.04.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00</b>

År 2016, den 19. april kl. 10.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Fylkeshuset, Leikanger.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 9. april 2016. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjend.

Representantane Arnstein Menes og Karen Marie Hjelmeseter hadde meldt forfall til tingseta. I deira stad møtte Per Atle Kjøllesdal og Oddmund Klakegg. Fylkestinget godkjende forfalla til Menes og Hjelmeseter.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

### **SETERPARTIET:**

Jenny Følling  
Sigurd Erlend Reksnes  
Aleksander Øren Heen  
Gunn Åmdal Mongstad  
Anders Ryssdal  
Ole Johnny Stubhaug  
Gunn Karin Sande  
Erlend Haugen Herstad  
Per Atle Kjøllesdal (vara for Arnstein Menes)  
Oddmund Klakegg (vara for Karen Marie Hjelmeseter)

### **ARBEIDERPARTIET:**

Åshild Kjelsnes  
Hilmar Høl  
Helen Hjertaas  
Torbjørn Vereide  
Harald Bjarte Reite  
Karianne Torvanger  
Henrik Oppen  
Odd Atle Stegegjerdet  
Senea Sabanovic

### **HØGRE:**

Noralf Distad  
Sonja Merethe Øvre-Flo  
Bjørn Erik Hollevik  
Anne Kristin Lilleaasen

### **FRAMSTEGSPARTIET:**

Frank Willy Djuvik  
Marita Gunn Aarvik

**VENSTRE:**

Gunhild Alis Berge Stang  
Alfred Bjørlo

**KRISTELEG FOLKEPARTI:**

Trude Brosvik  
Jon Olav Kvamme

**SOSIALISTISK VENSTREPARTI:**

Jakob André Sandal

**MILJØPARTIET DEI GRØNE:**

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføraren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføraren valde fylkestinget Svein Hågård og Marit Silje Husabø som sekretariat.

Representantane Hilmar Høl og Trude Brosvik vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføraren opplyste at sakene var sendt ut slik:

Sakene 1/16 – 9/16	Sendt ut 12. april 2016
Sak 10/16	Sendt ut 14. april 2016.

Saklista vart godkjend.

Representanten Alfred Bjørlo hadde på førehand meldt inn eit spørsmål til fylkesordføraren om utbytepolitikken i Fjord1 AS. Fylkesordføraren varsla at ho ville svare på spørsmålet til slutt i tingseta.

Ordførar i Leikanger kommune, Jon Håkon Odd, helsa fylkestinget.

**SAK 1/16                    Petroleumsrådet - suppleringsval for valperioden 2015 - 2019**

**VEDTAK:**

1. Følgjande vert valde som medlemer i petroleumsrådet

Erling Sande  
Asgeir Øvrebotten

---

**SAK 2/16      VIGO IKS - fordeling av kostnader ved utvikling av fagsystem**

**VEDTAK:**

1. Selskapsavtalen for VIGO IKS vert vidareført utan endringar.
2. Det vert innført ny modell for fordeling av utviklingskostnader mellom fylkeskommunane. Ny kostnadsfordeling mellom fylkeskommunane vert endra med ei gradvis opptrapping av ny kostnadsfordeling slik det går fram av tabellen under:

Kostnadsgruppe/År	2017	2018	2019
Delast likt	90 %	80 %	70 %
Delast etter elevtal	10 %	20 %	30 %

**SAK 3/16      Handlingsprogram for regional plan for Nordfjella**

**VEDTAK:**

1. Handlingsprogram 2015-2018 - Regional plan for Nordfjella, datert 20.01.15, vert vedtatt slik den ligg føre.
2. Nordfjellarådet vert etablert så snart det let seg gjøre og i samsvar med omtale av tiltak 1 i handlingsprogrammet.
3. Som Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt medlem i Nordfjellarådet, vert oppnemnt Anders Ryssdal, og som varamedlem vert oppnemnt Senea Sabanovic.
4. Buskerud fylkeskommune fungerer som sekretariat for Nordfjellarådet til anna vert vedteke. Årleg kostnader til sekretariatet vert delt mellom fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Buskerud.
5. Midlar som står att frå planprosjektet vert disponert gjennom handlingsprogrammet.
6. Handlingsprogrammet vert rullert årleg, fyrste gang i 2016.

**SAK 4/16      Regional plan - Ottadalen villreinområde**

**VEDTAK:**

1. Fylkestinget vedtek Regional plan for Ottadalsområdet, med heimel i plan- og bygningslova § 8-4. Planframlegget omfattar planskildring, retningsliner, handlingsprogram, konsekvensutgreiing og plankart.

## **SAK 5/16 Årsrapport 2015 - konsesjonskraft og finansportefølje**

### **VEDTAK:**

Fylkestinget tek årsrapporteringane for 2015 på konsesjonskrafa og finansporteføljen til orientering.

---

## **SAK 6/16 Landbruk i Verdiskapingsplanen**

### **Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Landbruksatsinga i Regional Plan for verdiskaping 2016-25 vert godkjent slik ho ligg føre.
2. Fylkesmannen si landbruksavdeling har ansvaret for oppfølging av satsinga på landbruk.

### **Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Tillegg i kap. 3.1: Administrasjonen får i oppdrag å føre inn eit avsnitt om Vestlandsforskning.

**Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Ekstra avsnitt til kapittel 3:

Sogn jord- og hagebrukskule er eit unikt nasjonalt kompetansemiljø på økologisk landbruk. Skulen driv også eit omfattande utviklingsarbeid. Det er viktig å løfte fram potensialet Sogn Jord- og hagebrukskule har for å utvikle landbruksnæringa også i Sogn og Fjordane, både innanfor økologisk og konvensjonelt landbruk.

**Miljøpartiet Dei Grøne** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det leggast til eit eige kapittel i dokumentet om korleis landbruket i Sogn og Fjordane kan bidra til å løyse vår felles klimautfordring.

### **Avrøyting:**

Framlegga frå Kristeleg Folkeparti og Venstre vart samrøytes vedtekne.

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst og framlegget fall.

Tilrådinga frå fylkesutvalet med vedtekne endringar som vist ovenfor, vart samrøytes vedteken.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Landbruksatsinga i Regional Plan for verdiskaping 2016-25 vert godkjend med slike tillegg:
  - Tillegg i kap 3.1: Administrasjonen får i oppdrag å føre inn eit avsnitt om Vestlandsforskning.
  - Ekstra avsnitt til kapittel 3:  
Sogn Jord- og hagebrukskule er eit unikt nasjonalt kompetansemiljø på økologisk landbruk. Skulen driv også eit omfattande utviklingsarbeid. Det er viktig å løfte fram potensialet Sogn Jord- og hagebrukskule har for å utvikle landbruksnæringa også i Sogn og Fjordane, både innanfor økologisk og konvensjonelt landbruk.
2. Fylkesmannen si landbruksavdeling har ansvaret for oppfølging av satsinga på landbruk

**SAK 7/16 Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016 - 2020**

## **VEDTAK:**

Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020 vert vedteken slik han ligg føre.

**SAK 8/16 Søknad om forskottering av midlar til fullføring av reguleringsplan for fv. 60 Tomasdalen - Røyrhus bru i Hornindal kommune**

## **VEDTAK:**

- 1 Hornindal kommune får løye til å forskottere 2 mill. kr til fullføring av reguleringsplan for strekninga Tomasdard – Røyrhus bru på fv. 60.
  - 2 Refusjon av forskotteringsmidlane skjer ved oppstart av første delprosjekt på strekninga med inntil 2 mill. kr i høve til faktisk forbruk ekskl. mva. og utan kompensasjon for prisstigning og renter på eventuelle lån.
  - 3 Dersom prosjektet ikke er starta opp innan 2026, vil forskotteringen ikke bli tilbakebetalt.
  - 4 Kostnadene med refusjon på inntil 2 mill. kr skal dekkjast innanfor ramma til fylkesveg.
  - 5 Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå forskotteringsavtale med kommunane.

**SAK 9/16 Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2016/17**

## **VEDTAK:**

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2016-2017, vedteke i HO-sak 27/15, vert endra slik:

Det utlyste tilbodet ved Sogndal vidaregåande skule vert endra slik:  
Vidaregåande trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert auka med to grupper  
Vidaregåande trinn 1 service og samferdsel vert auka med ei gruppe  
Vidaregåande trinn 2 elenergi vert auka med ei gruppe  
Vidaregåande trinn 2 klima-, energi og miljøteknikk vert ikkje sett i gang  
Vidaregåande trinn 2 kokk og servitør vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Dale vidaregåande skule vert endra slik:  
Vidaregåande trinn 2 maritim produksjonsteknikk vert ikkje sett i gang  
Vidaregåande trinn 2 industriteknologi vert auka med ei halv gruppe  
Vidaregåande trinn 2 helsearbeidarmaq vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Hafstad vidaregående skule vert endra slik:

Vidaregåande trinn 1 studiespesialisering vert auka frå 3 til 4 grupper  
Vidaregåande trinn 2 studiespesialisering vert redusert frå 4 til 3 grupper

Det utlyste tilbodet ved Måløy vidaregåande skule vert endra slik:  
Vidaregåande trinn 2 byggteknikk vert ikkje sett i gang

Det utlyste tilbodet ved Mo og Øyrane vidaregåande skule vert endra slik:  
Vidaregåande trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert auka med ei gruppe  
Vidaregåande trinn 1 elektrofag vert auka med ei gruppe  
Vidaregåande trinn 2 anleggsteknikk vert auka med ei gruppe  
Vidaregåande trinn 2 industriteknologi vert auka med ei gruppe

Det utlyste tilbodet ved Stryn vidaregåande skule vert endra slik:  
Vidaregåande trinn 1 bygg- og anleggsteknikk vert redusert med ei gruppe

2. Det vert sett av ein grupperessurs til oppretting av ei ekstra gruppe ved behov i samband med inntaket. Fylkesrådmannen får mynde til å disponere grupperessursen i samband med inntaket. Fylkestinget vedtek i tillegg følgjande auke i opplæringstilbodet:
    - Vidaregåande trinn 2 studiespesialisering ved Hafstad vidaregåande skule vert auka med ei gruppe
    - Vidaregåande trinn 2 byggteknikk ved Måløy vidaregåande skule vert auka med ei gruppe
  3. Den alt tildelte auken i budsjettet for opplæringssektoren på 3,0 mill. kr i 2016 vert nytta til å delfinansiere auken på 7 grupper hausten 2016. Tilleggsbehovet på 1,274 mill. kr utover dette vert finansiert innan ramma for opplæringssektoren. Finansieringa vert å kome tilbake til i tertialrapport 1/16.
  4. Finansiering av auken på 7 grupper våren 2017 vert å ta stilling til i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2017.
  5. Tilboda som ikkje vert tilrådd sette i gang for skuleåret 2016-17 skal vurderast i sak om opplæringstilbodet for skuleåret 2017-18.
- 

## **SAK 10/16      Verksemndplan for kontrollutvalet 2016 - 2019**

### **VEDTAK:**

1. Verksemndplan for kontrollutvalet 2016 – 2019 vert vedteken som framlagd.
- 

Fylkesordføraren svara på innmeldt spørsmål frå representanten Alfred Bjørlo.

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 19. april på Fylkeshuset, Leikanger kommune, var slutt kl. 14.15.

